



Setesdalssamarbeid

Bygland, Evje og Hornnes,
Valle, Bykle og Åseral

Vår ref.:
2025/16-2

Sakshandsamar:

Dato
27.02.2025

REFERAT KOMMUNEDIREKTØRUTVAL 240225

Møtestad: Kommunehuset, Evje og Hornnes kommune
Møtetidspunkt: 24. februar kl 1000 - 1400
Desse møte: Vidar Homme, Valle kommune
Frantz A Nilsen, Evje og Hornnes kommune
Aslak Brekke, Bygland kommune
Kåre Einar Larsen, Åseral kommune, via teams
Karina Sloth, Bykle kommune

LMT v/Ellen Benum og Jeanette Hauan møtte kl 1200 til sak 5.

Forfall:

Sak	Merknad	Ansvar /frist
1 - Drøfting rundt det kommunale bidraget til Setesdal IPR v/Frantz Beløpet er høgt og bør drøftast. Evje og Hornnes ønskjer å få fristilt delar av dette til eige bruk i kommunen sitt næringsarbeid. Konklusjon: Temaet bør takast i samanheng med strategiarbeidet.		
2 - Status Helsefelleskapet v/Kåre Einar Gjennomgang av saksliste til komande møte i KOSS, med kommentarar. Partnerskapsmøte i mars – deltek i programkomiteen. Spørsmålsrunde og dialog. Ref. også sak 5.		
3 – Forprosjekt Trainee Setesdal v/Rita Forprosjekt Trainee Setesdal er eit eige punkt i handlingsplanen under «Attraktive og livskraftige bygder». Forprosjektet skal gjennomførast i		

<p>2025. Innleiingsvis er både offentleg og privat sektor i målgruppa. Spørsmål til drøfting er om dette er noko kommunane er interesserte i som arbeidsgivar. I så fall er det ønskjeleg å få med ein person til å vere med i ei arbeidsgruppe i forprosjektet.</p> <p>Konklusjon: interessant for kommunane som arbeidsgivarar. Semje om å be personalnettverket peike ut ein representant frå nettverket til arbeidsgruppa.</p>		Rita sender førespurnad
<p>4 - Oppfølging/orientering ihht årshjul</p> <p>Setesdal brannvesen IKS v/Frantz Generelt god driv og imponerende innsats. Evje og Hornnes fører rekneskapen for verksemda, men har i det siste òg gitt fagleg støtte til selskapet i samband med budsjettarbeidet. Beredskap kostar. Kobla på heilskapleg ROS. Dialog og spørsmålsrunde. Status på sak vedrørende brannordning?</p> <p>Setesdal IPR v/Frantz Behov for førebuing. Utsettast til neste møte.</p> <p>Agder IKT IKS v/Frantz Om omleggingsprosessen frå Setesdal IKT. Fart og framdrift skal vere hovudfokus i selskapet. Kostnadsnivå tema – lisensar, omstilling osv. Dialog og spørsmålsrunde.</p>		
<p>5 – Presentasjon D-FACT region Setesdal v/Ellen Benum og Jeanette Hauan</p> <p>Modelltrufastheit er heilt essensielt, og eit grunnleggande premiss for at arbeidet skal fungere. Samarbeidsavtalen ligg i botn.</p> <p>Kommunen => FACT 1,5 linjeteneste <= spesialisttenesta</p> <p>Merk konklusjonane i Riksrevisjonens rapport «Helse- og velferdstenester til personar med samtidige rusmiddelproblem og psykiske lidningar».</p> <p>Helsedirektoratet er tydeleg på at omstilling bør vere drivkraft og fokusområde.</p> <p>Prosjektet har vore i drift ei tid no, og det er dermed gjort erfaringar med både utfordringar og moglegeheitsrom. Moglege tiltak er skissert, anten for å betre den noverande strukturen eller endre strukturen.</p> <p>Konklusjon: Følgast opp internt i kommunane, og deretter i neste møte i kommunedirektørutvalet.</p>	Se vedlagte presentasjon	
<p>6 – Vurdering prosjekt – forebygge og redusere utanforskap blant unge</p> <p>Ref. sak 6 i førre møte samt diverse e-postar og utkast til felles saksframlegg til utvalet frå leiar av oppvekstutvalet, Line Håberg Løvdal, og Kari Veggeland, Agder fk.</p> <p>Konklusjon: Kommunane er positive til deltaking i prosjektet. Bygland kommune kan imidlertid ikkje delta grunna kapasitetsutfordringar.</p> <p>Kåre Einar distribuerer saksframlegget som er klart til handsaming i Åseral.</p>	Kåre Einar	
<p>7 - Status regionalt KDU</p>		

<p>Gjennomgang av saksliste til komande KDU.</p> <p>Trong for strategisk samarbeid og standardisering på IKT-feltet på Agder. KDU har signalisert til statsforvaltaren at det er ønskjeleg å bruke skjønsmidlar. KS blir avsendar av søknaden.</p>		
<p>8 Eventuelt Veterinærvakt: Einigheit om at det vert utarbeidd eit felles saksframlegg til bruk i kommunane. Evje og Hornnes kommune v/Inge Eftevand utarbeider saksframlegg.</p> <p>Vidar: sikkerheitsklarering, ROS-analyse. Utsett til neste møte.</p>		

Med helsing
Setesdal interkommunalt politisk råd